

## **Ulvikasongen – Heimbygdæ mi. Ordforklaringer.**

Magnus Hydle (1868-1944) skreiv denne songen, som opphaveleg heitte ”heimbygdæ mi”. Då Jakob Lekve (1923-79) sette tone til, så vart songen både spela og sungen. Då vart han til ulvikasongen.

Svært mange har sagt at songen har ord dei ikkje skjønar. Det er nok slik. Songen er så å seia skriven på dialekt, og det som i si tid var ulvikamål. No er denne dialekten vekke for mange, og jamvel ein del skriftord veit ikkje folk kva tyder. Difor skal eg no gjera litt greie for ein del ord.

### **Kort rettleiing:**

Nå skjønar mange mykje, mange mindre, og somme svært lite. Viktigast er likevel at songen vert sungen, og det er dei flinke til i Ulvik.

For det fyrste: Um, upp, yver, vert no skriven med o, hokjønn i bunden form, til dømes bygdæ er bygda, æ er er, ao er å, da er det, og bunden form inkjekjønn, til dømes viddo er vidda.

### **Så til einskildord**

Eg tek med det eg kan tru kan vera uklårt, og slike ting eg har fått spørsmål om. For det fyrste ingjensta, som folk framleis skjønar er ingen stad. Så tek eg strofe for strofe.

**Fyrste strofe:** Løyne er góyma, bljug er finsleg eller smålåten, floarmaol er grensa for høgvatn, fjelltrom er fjellkant, kodlane er haugane/åsane, ra er rad, krotasylle er smidd, utforma sylv, uppser tyder bratt utforbakke, sleskarv, sva er svaberg og ordet gloddren finst visst berre i Ulvik og tyder skinande.

**Andre strofa:** Tøydde seg ned, gav solstrålar til, kveldsråen er kveldsroden, ok seg i hop tyder – trekte seg til kvarandre, fudla er her mest.

**Tredje strofa:** Fargabridge er fargeskifte/mangfald, i traoe i lengt, jiddra tyder bivra/skjelva

**Fjerde strofa:** Kviddren er fuglesongen, rinde er ein kant/rind, kjos er eit lite skoghol/Lund.

**Femte strofa:** Her nemner eg ale, som tyder vakse opp, og minnesar, som tyder hendingar/minne.

Sjå på songen, som du finn under, og gå igjennom han, gjerne eldre med yngre, i alle høve fleire i hop. Les han gjerne høgt, og få med dykk innhaldet. Det er mykje musikk i dette språket. Og framfor alt: Syng han til Jakob Lekve sin flotte tone!

**-Arne Skjerven-**

## ULVIKA-SONGJEN

Ho løyne seg så bljug burtum  
viddo i vest  
-ei venare ingjensta eg minnest, -  
Frao floarmaol te fjelltrom ho  
Budde seg te fest  
Å finare buna inkje finnest.  
Me' kodlane sto skaute i rekkje å  
ra  
å krotasylle sildra frao upser å  
sva  
å fjorden la seg glodren å glitra.

Å solæ gav seg stunder å tøydde  
seg ned  
Te da so sku' livna å sku' spretta.  
Naor kvelda-råen minka tok  
nutane te  
Å vørmda um da so skulde vетта.  
Men lenger ut pao nottæ dei ok  
seg i hop,  
dei tottest fudla høyra eit  
kvinkande rop  
um livd fy dei voner va vekte.

So ok da te å bløma i hagje å li,  
Eit hildrande fargabrigde  
fløymde,  
Me' Folgefonnae speglande syll-  
kaopo si  
Å Onen i solaglimen drøymde.  
Frao Seljestad te Moo, frao Steine  
te Sæ  
Sto gjemen ifrao bakkar, frao  
børar å tre  
I traoe ette live å jiddra—

Å ingjensta va kviddren i rinde å  
kjos  
so kaote å fuglane so sæle,  
Å ingjensta va susen or elv elde  
os  
so djupe å løyndafudl i mæle,  
å himmelen so høge, å lukte so  
blao,  
å venene so goe, å sutena so  
smao,  
å tankane so heile å reine.

Å mangje ha du ale, å mangje  
laut ut  
-d'æ ymist ein helste skulde  
gløyma,  
Men minnesar um ålvår, um  
sakna å sut  
Kan henda ein helste skulde  
gjøyma.  
Um via eg har færast, um væræ  
æ vi  
So va du å so vette du  
heimbygdæ mi  
Um sjøle eg so heimløysa vanka—

-Magnus Hydle-